



Alver kontrollutval

Møteprotokoll

- Møtedato: 24. november 2020 kl. 09:00 – 11:45
Stad: Fjernmøte via Teams
- Tilstade: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem) og Arild Tveranger (medlem)
- Forfall:
- Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun (til sak 79/20 og 80/20) og ordførar Sara Sekkingstad
- Revisor: Statsautorisert revisor Harald Sylta og forvaltningsrevisor Magnus Nedrelid Heggen, KPMG
- Sekretær: Tonje Husum Aarland, Nordhordland Utviklingsselskap IKS (NUI)
-

75/20 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 24. november 2020

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 24. november 2020 er godkjent.

Behandling i møte:

Ingen merknader til innkalling og sakliste til møtet.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 24. november 2020 er godkjent.



76/20 Godkjenning av protokoll frå møte i kontrollutvalet 20. oktober 2020

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 20.10.2020

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 20.10.2020 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Ingen merknader til møteprotokollen frå førre møtet.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 20.10.2020 er godkjent slik den ligg føre.

77/20 Skriv og meldingar

- a. KS sak 112/20
- b. KS sak 113/20
- c. Innkomne henvendingar

Saksopplysingar:

- a. KS sak 112/20
Kommunestyret handsama plan for eigarskapskontroll, og vedtok å utsette saka til neste møtet, og ber om at revisor kjem og gjer greie i saka og svarar på spørsmål.
- b. KS sak 113/20
Kommunestyret har handsama og vedteke plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024.
- c. Innkomne henvendingar
Orientering om innkomne henvendingar og vurdering om eventuell vidare oppfølging.



Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

Behandling i møte:

Kontrollutvalssekretær orienterte om skriv og meldingar til møtet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek skriv og meldingar til orientering.

78/20 Uavhengighetserklæring

Saksvedlegg:

Egenvurdering av uavhengighet, 17.11.2020, KPMG

Saksopplysingar:

I samsvar med forskrift om revisjon § 15, jf. kommuneloven § 24-4, har kontrollutvalet motteke eigenvurdering av uavhengighet frå oppdragsansvarleg revisor.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Statsautorisert revisor Harald Sylta orienterte om uavhengighetserklæringa, som er eit rutinedokument som kontrollutvalet mottek årleg. Det er vurdert at det ikkje er særskilte forhold til Alver kommune som kan påverke uavhengigheten til revisor.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



79/20 Orientering om revisjonsplan

Saksvedlegg:

Revisjonsplan Alver kommune 2020, KPMG

Saksopplysingar:

Overordna revisjonsplan for rekneskapsrevisjon gir informasjon om mellom anna fokusområder for økonomiåret 2020 og planlagt fremdriftsplan.

Revisor vil i møtet orientere nærare om revisjonsplanen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Statsautorisert revisor Harald Sylta orienterte om revisjonsplanen, og nærare om:

- revisjonsteamet
- gjennomgangen med leiinga;
 - økonomiske forhold
 - regulatoriske forhold
 - rutiner og selskapsstruktur
 - finansiell rapportering
 - operasjonelle endringar
- påverknaden av Covid-19 på intern kontroll
- risikoar for mislegheit
- vesentlegvurdering ved økonomiske avvik
- fokusområder;
 - rutinar for innkjøp og bank
 - inntekter og tilskot
 - avvik og premisser i budsjett
 - lønsområdet
 - leiinga si overstyring av kontrollar
 - MVA
- framdriftsplan for 2020/21.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.



80/20 Forenkla etterlevingskontroll

Saksvedlegg:

Rapport frå forenkla etterlevingskontroll, KPMG

Saksopplysingar:

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga er eit av dei nye lovkrava i kommunelova, jf. § 24-9.

Kontrollutvalet fekk i sak 56/20 orientering om rammene for forenkla etterlevingskontroll, planlagd tema, og gav innspel til kva som kan vere aktuelt å ta med i ein slik etterlevingskontroll.

KPMG vil orientere nærare om gjennomføring og funna frå etterlevingskontrollen i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering og ber administrasjonen om ein orientering om system og planar innan området på første møtet i kontrollutvalet i 2021.

Behandling i møte:

Revisor Harald Sylta orienterte om forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet, og orienterte mellom anna om:

- bakgrunn for den nye lovpålagte oppgåva og rammene for denne
- tema for forenkla etterlevingskontroll for økonomiåret 2020; offentlege anskaffingar
- kriteriar for kontrollen; konkurranse og protokollar
- 1 av 14 kontrollerte var ikkje konkurranseutsett, men anskaffinga er i overanstemmelse med bestemmingane jamfør vurderingar kring kommunesamanslåinga
- 1 av 14 kontrollerte hadde ikkje protokoll, men oppfyller likevel lovkravet
- det var gjort ei nærare vurdering av 5 av anskaffingane
- Konklusjon: Alver kommune følgjer i alt det vesentlege bestemmingane i regelverket for offentlege anskaffingar

Rådmann Ørjan Forthun orienterte kort om endringar innan området, mellom anna om bruk av e-handel, innkjøpsjef og innkjøpsreglement, samt påverknad av samanslåinga. Det har mellom anna vore gjort vurderingar kring vidareføring av gjeldande avtalar og val av leverandør der kommunane har hatt ulike leverandørar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering og ber administrasjonen om ein orientering om system og planar innan området i løpet av våren 2021.



81/20 Prosjektbestilling - forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg:

Plan for forvaltningsrevisjon, KS sak 113/20

Saksopplysingar:

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 i sak 113/20 med følgjande prioriterte tema:

1. Oppvekst og tidleg innsats
2. Økonomisk bærekraft og økonomistyring
3. Innkjøp (inkludert sosial dumping)
4. Beredskap; hendigar og katastrofar
5. Personvern og informasjonstryggleik
6. Habilitet

Kommunestyret ønskjer at forvaltningsrevisjonen innan oppvekst og tidleg innsats m.a. skal ha fokus på korleis opplæringslova § 9A og arbeidsmiljølova knytt til dette området blir praktisert i Alver-skulen.

Kommunestyret har delegert mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet ber KPMG om å utarbeide prosjektskisse for første prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste møte i kontrollutvalet.

Behandling i møte:

Forvaltningsrevisor Magnus Nedrelid Heggen orienterte om prosessen for vidare oppfølging av plan for forvaltningsrevisjon og bestillingsdialogen.

Kontrollutvalet drøfta aktuelle tema innunder oppvekst og tidleg innsats og kommunestyret sitt vedtak om fokus på § 9 A og arbeidsmiljølova knytt til dette.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet ber KPMG om å utarbeide prosjektskisse for første prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt til neste møte i kontrollutvalet.

**82/20 Budsjett for kontrollarbeidet 2021****Saksopplysingar:**

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2 utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt ansvar og oppgåver er lovregulert, og utvalet sitt ansvarsområde kan delast inn i tre områder; kontrollutvalet sine egne aktiviteter, kostnader knytt til sekretariatstenester og kostnader knytt til revisjonstenester.

Kostnader knytt til revisjon og kontrollutvalsekretariat er avtalefesta. I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2021. Det er lagt opp til 6 møter, men tal møter kan auke dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår. Det er i budsjettforslaget teke høgde for ekstraordinært ressursbehov i kontrollsamanheng.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2021:

Utgiftspostar	Framlegg til budsjett
1 Revisjon	1 100 000
2 Sekretariat	186 000
3 Godtgjersle, tapt arb., reise, m.m.	250 000
4 Diverse møteutgifter	50 000
5 Kontigenter (FKT og faglit.)	14 000
6 Opplæring/kurs - kontrollutvalet	200 000
7 Buffer	400 000
Total budsjettramme	2 200 000

- 1) Kostnad til revisjon er knytt til gjeldande avtale med KPMG og inkluderer rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon.
- 2) Kostnad til kontrollutvalssekretariat er knytt til avtalt kostnadsfordeling mellom kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy.
- 3) Kontrollutvalet sine egne utgifter er knytt til fast årleg godtgjersle, tapt arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter og tilhørande sosiale kostnader.
- 4) Diverse møteutgifter som møtemat og evt. møterom dersom det vert behov for å leige anna stad enn kommunehuset.
- 5) Medlemskap i FKT og abonnement på faglitteratur.



6) Kontrollutvalet bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert arrangert kurs for kontrollutval nasjonalt og i aukande grad digitalt av fagorganisasjonane NKRF og FKT.

Kontrollutvalet legg fram eit forslag til spesifisert budsjett for kontrollarbeidet. Kommunestyret fastset den totale budsjettramma.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2021 på kr 2 200 000.

Behandling i møte:

Sekretariatet la fram forslag til budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

Kontrollutvalet drøfta budsjettpostane og meiner det er viktig at ein tek høgde for ekstraordinært ressursbehov knytt til mogelge kontrollar, samt at det vert sett av nok midlar til at kontrollutvalsmedlemmer kan delta på aktuelle kurs og konferansar.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjettramme for kontrollarbeidet i 2021 på kr 2 200 000.

83/20 Møteplan for 2021

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet har hatt 7 møter i 2020.

Sekretariatet rår til at det vert lagt opp til 6 faste møter i 2021, og at kontrollutvalet reviderer møteplanen undervegs dersom det er behov for endringar.

Sekretariatet vil finne forslag til datoar ut i frå politisk møteplan. Framlegg til møteplan vert lagt fram og gjennomgått i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplan med følgjande møtedatoar ...



Behandling i møte:

Sekretariatet la fram forslag til møteplan for 2021. For å unngå å ha møte samtidig som kommunestyret, formannskap og andre politiske utval, vil kontrollutvalet ha fast møtedag mandag kl. 09.00.

Møteplanen vert vedteke med atterhald om endringar undervegs. Det er lagt opp til 6 møter i 2021, og det kan bli sett opp ekstra møter ved behov.

Tema/saker til handsaming vert avklart med kontrollutvasleiar før innkalling til møtet vert sendt ut.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtek møteplan med følgjande møtedatoar: 25. januar, 26. april, 31. mai, 30. august, 4. oktober og 29. november.

84/20 Møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta møteaktivitet sidan sist kontrollutvalsmøtet.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.



85/20 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfta saker ein har handsama i løpet av 2020 og ga tilbakemeldinger om korleis det første året i denne perioden har vore.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

24.11.2020

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet

Tonje Husum Aarland
Kontrollutvalssekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.